
Saksnr: 2021/5963-4
Saksbehandlar Siglinde Marguerite Svare
Dato: 28.04.2021

Til: Yrkesopplæringsnemnda

Frå: Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

Status fagprøvegjennomføring

Gjennomførte prøvar

I perioden frå 1. januar til 6. mai er det gjennomført 1221 fag-/sveineprøvar. 68 % av desse er kandidatar med kontrakt og 32 % praksiskandidatar. I same periode i fjor var det berre gjennomført 583 prøvar. 65,4 % har fått karakteren bestått, 26,6 % bestått mykje godt og 8 % ikkje bestått.

Gjennomførte prøvar fordelt på utdanningsprogram

	Hittil i 2021	Same tid i 2020
Bygg- og anleggsteknikk	258	104
Design og handverk	26	22
Elektro og datateknologi	265	251
Helse- og oppvekstfag	346	75
Medium og kommunikasjon	0	0
Naturbruk	52	18
Restaurant- og matfag	19	8
Service og samferdsle	122	61
Teknologi- og industrifag	133	44

Oppmeldingar til prøvar

Det er 2473 oppmeldingar som er sendt til prøvenemnd , 70% av desse gjeld kandidatar med kontrakt.

For kandidatar med kontrakt er fordelinga slik på utdanningsprogram:

Bygg- og anleggsteknikk	383
Design og handverk	43
Elektro og datateknologi	144
Helse- og oppvekstfag	374
Medium og kommunikasjon	0
Naturbruk	68
Restaurant- og matfag	51
Service og samferdsle	172
Teknologi- og industrifag	509

Det er 275 oppmeldingar frå kandidatar med kontrakt ikkje er handsama.. Dei fleste av desse har kontraktar med utløp etter 30. september. Det er omtrent 440 søknadar frå praksiskandidatar som ikkje er handsama, av desse har omtrent 60 % venta i meir enn 2 månadar.

Dokumentasjon og melding om resultat

Det er skrive ut vitnemål eller kompetansebevis til omtrent 57 % av dei som har bestått fag-/sveineprøve i 2021. Av dei som ventar på dokumentasjon er det rundt 180 kandidatar med kontraktar som ikkje er slutt. Når prøvane er gjennomført blir det automatisk sendt ut brev med melding om resultatet til kandidatane.

Oppsummering

Samla sett er statusen på dette feltet betre enn i fjor. Oppmeldingane frå kandidatar med kontrakt er stort sett godkjent mellom 2 og 4 månader før kontraktsslutt. Dei fleste kontraktane har utløp mellom juni og august, de er difor naturleg at det talet på prøvar som ventar hjå nemndene er høgt no. I nokre tilfelle har koronasituasjonen våren 2020 skapt eit etterslep som har ført til at kandidatane må vente på å få gjennomføre prøvar. Dette gjeld til dømes helsearbeidarfaget i Bergensområdet.

Seksjonen har prioritert kandidatar med kontrakt framfor praksiskandidatar. Det har ført til at sakshandsamingstida for denne gruppa har vore nærare eit halvt år. Som eit tiltak for å få ned sakshandsamingstida har vi i midten av april engasjert ein medarbeidar i ein ledig stillingsheimel som berre skal arbeide med praksiskandidatar. Dette tiltaka har vore vellukka, i løpet av dei tre siste vekene har denne medarbeidaren handsama omtrent 250 praksiskandidatar. I denne perioden kom det inn rundt 70 nye søknadar frå praksiskandidatar. Det betyr at vi no klarar å behandle fleire søknadar enn det som kjem inn. Det er difor realistisk å rekne med at sakshandsamingstida for praksiskandidatar i løpet av dei neste månadane vil kunne kome ned på eit akseptabelt nivå.